



Statens vegvesen

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Behandlende enhet: Region vest	Saksbehandler/telefon: Tor S Høyland / 55516266	Vår referanse: 16/96026-2	Deres referanse: 15/948	Vår dato: 20.07.2016
-----------------------------------	--	------------------------------	----------------------------	-------------------------

Uttale til kommuneplan for trafikksikring 2016–2023 – Austrheim kommune – Offentleg høyring og ettersyn

Vi viser til Dykkar brev av 7 juni 2016, der kommuneplan for trafikksikring for Austrheim kommune for perioden 2016–2023 er sendt på høyring.

Eit systematisk trafikksikringsarbeid i kommunane er viktig for å få redusert talet på trafikkskadde og for å gje akua tryggleik for innbyggjarane. Utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar er eit viktig bidrag til dette systematiske arbeidet og Statens vegvesen er glad for at Austrheim kommune nå reviderer sin trafikksikringsplan.

Det synes som om Austrheim kommune har hatt ein god prosess med utarbeidinga av denne planen. Mål og tiltak er forankra i tråd med både nasjonale og fylkeskommunale føringar og det ligg ei analyse i bunn for prioriteringane i planen. Planen er bygd opp logisk og dei endelege prioriteringane er begrunna ut frå føringar og analyse.

Merknader

Utforkjøringsulykker er saman med møteulykker dei klart dominerande ulykkestypene i Austrheim kommune. I planen er det foreslått at tiltak mot desse ulykkestypene vil vera haldningsskapande tiltak som opplæring og informasjon. Vi er enige i at dette er svært viktige tiltak, men etter vårt syn bør tiltak mot desse ulykkestypene også visast igjen i prioriteringane over fysiske tiltak.

Nokre mindre kommentarar til slutt :

- Det er ikkje samsvar mellom talet på skadde i Samandraget og i punkt 4.2.2.
- Fleire stadar i planen er riksvegar omtalt. Det er ikkje riksvegar i Austrheim.
- Planperioden er omtalt som 2015–2022 i punkt 2.7, mot 2016–2023 elles.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Plan og forvaltning, Bergen
Med hilsen

Tor S Høyland

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.